



Lisjebøvegen 39, 6091 Fosnavåg, tlf: 70088416,
e-post: sirlihaugen@mimer.no, <http://sirlihaugen.barnehage.no/>



RETNINGSLINJER FOR DRIFT

RETNINGSLINJER FOR DRIFT AV SIRLIHAUGEN BARNEHAGE

Fastsett av styret 07.09.04 og gjeldande fra same dato. Sist endra i styremøte 19.03.13

§1 Drifts og tilsynsansvar

Sirlihaugen barnehage SA eig og driv Sirlihaugen barnehage.

Barnehagen er registrert i einingsregisteret med organisasjonsnummer 963748426. Barnehagen er medlem av arbeidsgiverorganisasjonen PBL-A og fylgjer dei til ei kvar tid gjeldande tariffer.

Barnehageavdelinga i Herøy kommune har tilsynsansvar. Barnehagen mottek kommunal støtte.

Kommunalt driftstilskot vert tildelt ut i frå gitte føresetnadar, jf. K.sak 144/98 .

§2 Formål og heimel for drift

Sirlihaugen barnehage er ei pedagogisk verksemd og skal i nær forståing og samarbeid med heimane ivareta bornas behov for omsorg og leik, fremje læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling.

Barnehagen skal drivast i samsvar med

- a) Lov om barnehager
- b) Rammeplan for barnehagen
- c) Vedtekter for Sirlihaugen barnehage SA.
- d) Avtale med Herøy kommune, datert 10.02.92
- e) Årsplan for barnehagen.

§3 Foreldreråd og samarbeidsutval

Sirlihaugen barnehage skal ha eit foreldreråd og eit samarbeidsutval i samsvar med gjeldande lov og føreskrifter. (§4 i lova og § 1.2 i forskriftene)

Foreldrerådet er samansett av foreldre/føresette til alle borna i barnehagen.

Samarbeidsutvalet er samansett av 4 foreldrerepresentantar og 2 representantar frå dei tilsette. Styrer er sekretær for utvalet med møte og talerett.

Representantane for foreldra vert valt av foreldrerådet for eit år om gongen.

Samarbeidsutvalet konstituerer seg sjølv.

§4

Opptak og oppseiing

Søknad om barnehageplass skal skje på fastsett elektronisk søknadsskjema.

Dagleg leiar og samarbeidsutvalet gjer innstilling til opptak. Opptaket er samordna mellom alle barnehagane og vert gjort av styrargruppa i Herøy kommune.

Born som får tildelt plass har fast plass fram til barnet tek til i grunnskulen, men avgrensa til utløpet av det aktuelle barnehageåret.

Herøy kommune kan disponere inntil 10 plasser i barnehagen til same foreldrebetalning som barnehagen elles nytta. Herøy kommune er då opptaksmynde, fastset opptakskriterier, opptaksperiode og oppseiingsfrist for desse plassane.

Denne retten kan gjerast gjeldande frå 01.08. kvart år etter at andelslaget har fått melding minimum 4 månader på førehand. Aldersfordelinga på borna for desse barnehageplassane skal vere i samsvar med fordelinga elles i barnehagen.

Born med nedsatt funksjonsevne har prioritet ved opptak. Ein sakkyndig instans må vurdere om funksjonsnedsettelsen er slik at det gir prioritet. Likeeins skal barn det er fatta vedtak om etter lov om barnevernstjenester § 4,12 og § 4-4 ha prioritet ved opptak.

Vidare gjeld følgjande prioritering ved opptak:

1. Sysken til born som har plass.
2. Born til tilsette i barnehagen.
3. Born til tidlegare andelseigarar
4. Born til nye medlemmar som elles står på barnehagen si venteliste.

Det er innført rett til barnehageplass for alle som er fylt eit år innan 31.august det året ein søker plass. Barn med rett til plass skal prioriterast framføre barn utan rett til plass.

Ved opptak skal det leggast vekt på at gruppесаманsetninga med omsyn til alder, kjønn og andre relevante forhold vert så god som mogeleg.

Eventuell endring av eksisterande plassar skal gjennomførast før nytt opptak vert gjort.

Oppseiingsfrist er to månader frå den 1. i påfylgjande månad. Dersom eit barn skal slutte etter 1. mai må det betalast ut juni månad. Det vert kravd full betaling sjølv om ikkje barnet nyttar seg av barnehageplassen i oppseiingstida. Oppseiinga skal vere skriftleg på fastsett skjema.

§5 Misleghald av foreldrebetaling

Ved sein betaling vert 1.varsel sendt 10 dagar etter forfall. 2.varsel/inkassovarsel vert sendt 21 dagar etter forfall, og det skal leggast til kr. 100,- i purregebyr. Ny betalingsfrist vert sett til 14 dagar etter purredato.

Dersom fordringa ikkje er betalt innan frist fastsett i 2. varsel, vert saka sendt til inkasso. Eventuelt inkassosalær vert belasta medlemmet. Dersom saka går til inkasso kan foreldra misse rett til prioritet ved seinare opptak.

Dersom fordringa ikkje vert innfridd etter 1. betalingsoppfordring frå inkassobyrået, vert plassen oppsagt med umiddelbar verknad.

Ved gjentekne misleghald har styret høve til og seie opp plassen sjølv om fordringane ikkje har vore sendt til inkasso. Ved oppseiing av plass i barnehagen skal andelsinnskotet avrekna mot eventuelt uteståande beløp

§6 Betalingssatsar

Satsar for foreldrebetaling vert fastsett av styret i samvirkelaget. Det vert gitt

30 % syskenmoderasjon for barn nummer to, og 50 % for øvrige barn i same familie. Foreldrebetalinga forfell til betaling på forskot 1. i kvar månad. Det vert ikkje kravd betaling for juli månad.

§7

Dugnadsansvar

Dugnadsstyret som vert vald på foreldremøtet kvar haust har ansvar for å legge til rette for dugnadsarbeid i barnehagen. Dugnad pr. medlem er 6 timer pr. år. Medlemmer som disponerer fleire plassar har dugnadsansvar tilsvarende ein plass. Dei som ikkje kan ta del i dugnadsarbeid kan kjøpe seg fri etter satsar fastsett av styret. Rekning vert sendt innan utgangen av juni månad, med betalingsfrist 15.juli. Dersom eit medlem seier opp plassen sin før barnehageåret er slutt, skal dugnadsbetaling reduserast tilsvarande.

§8

Leike og oppholdsareal

Barnehagen sitt netto leike og oppholdsareal er sett til minimum 4 kvadratmeter pr. barn over 3 år. For born under 3 år er arealet minimum 5,5 kvadratmeter

§9

Opningstider

Barnehagen er open 5 dagar i veka (måndag – fredag) frå kl. (06.45) 07.15 – 17.00. Maksimal oppholdstid i barnehagen er 9 timer pr. dag. Dersom eit barn ikkje vert henta innan ordinær opningstid vert det kravd overtidsbetaling etter satsar fastsett av styret. Onsdag før Skjærtorsdag er barnehagen open til kl.12.00.

Julaftan og Nyårsaftan er barnehagen stengd.

I ferier, jul, påske og sommar held barnehagen opent dersom minimum 5 born har behov for det. I samband med høgtider og ferieavvikling kan det fastsettast redusert opningstid.

Personalet har 5 planleggingsdagar i året. Desse dagane er barnehagen stengt.

§10 Ferie

Alle born med plass i barnehagen skal avvikle 4 veker ferie i løpet av kvart barnehageår.

Tre av desse ferievekene skal normalt vere samanhengande i løpet av månadane juni, juli eller august. Medlemmene skal seinast innan 15.april kvart år gi melding til leiinga ved barnehagen om avvikling av sommarferie. Dersom foreldra ynskjer ferie utanom desse månedane må søknad om dette leggast fram for dagleg leiar seinast 1 månad på førehand. Dersom det ikkje skaper vanskar for gjennomføringa av personalet sin ferie, eller medfører auka vikarbehev, skal slike søknader innvilgast. Ved avvikling av ei ferieveke utanom månadane juni, juli eller august må det gjevast beskjed til dagleg leiar 1 månad på førehand. Plan for ferieavvikling vert utarbeidd av dagleg leiar og lagt fram for samarbeidsutvalet innan utgangen av mai månad.

§11 Mat

Dagleg får borna eit brødmåltid midt på dag og eit fruktmåltid på ettermiddag.

Dei som ynskjer det kan ta med niste til frukost eller ettermiddagsmat. Utgifter barnehagen har til dei ordinære måltida kjem i tillegg til barnehagekontigenten og vert fakturert saman med den. Det er styret som fastset dei til ei kvar tid gjeldande satsar.

§12 Sjukdom hjå barnet / Helse

Når eit barn er fråverande på grunn av sjukdom må det gjevast melding til barnehagen.

Sjuke barn må haldast heime grunna smittefarene.

Når eit barn ikkje kan vere ute og ta del i normale aktivitetar saman med dei andre borna, må det haldast heime. I tvilstilfelle avgjer dagleg leiar om barnet kan vere i barnehagen.

Styrer melder frå til helsestasjon, helseavdeling, barnevern dersom det er grunn til bekymring for barnet si utvikling.

Før barnet starter i barnehagen må det fyllast ut erklæring om barnet sin helsetilstand.

§13 Ansvar

Personalet har ansvar for borna den tida dei er i barnehagen. Bringing og henting av borna er foreldra sjølve ansvarlege for. Den som bringar eller hentar barnet i barnehagen må ikkje forlate barnet før dei har vore i kontakt med personalet. Beskjedar til personalet gjennom barnet skal vere skriftleg

Barnet skal hentast av ein voksen som er kjend for personalet i barnehagen.

Dersom barnet skal hentast av ein annan enn den som til vanleg hentar barnet skal personalet ha beskjed om dette frå foreldre eller føresette.

Dei tilsette i barnehagen har ikkje høve til å ta med borna med som passasjerar i eigen bil eller med offentlege transportmiddel utan foreldra sitt samtykke

Barnet sine føresette har sjølve ansvar for personlege eigendalar som vert tekne med til barnehagen.

Barnehagen teiknar ulykkesforsikring for alle barn i barnehagen.

§14 Internkontroll

Barnehagen har eigen perm med oversikt over barnehagen sitt internkontrollsysten

§ 15 Årsplanar

Barnehagen utarbeidar årsplan for drifta. Samarbeidsutvalet ved barnehagen skal med utgangspunkt i nasjonal og lokal rammeplan fastsette ein årsplan for det pedagogiske innhaldet. Årsplanen vert sendt ut til alle foreldra og til barnehageleiar i kommunen. Den vert og lagt ut på Herøy kommune sine heimesider

§ 16 Endring av retningslinjene

Retningslinjene kan endrast av barnehagens styre etter at samarbeidsutvalet har uttalt seg.